

## Om eksempelsvara

Dette heftet inneheld tekstar frå kandidatar på norskprøven, delprøve i skriftleg framstilling. Tekstane er henta frå alle tre nivåa som norskprøven måler på: A1-A2, A2-B1 og B1-B2. Eksempelesvara er meint å vere ei støtte til lærarar og elevar i norskopplæringa. Tekstane som er valde ut, representerer ulike sider ved vurderinga av skriftleg produksjon. Namna Anna Hansen og Ole Hansen er fiktive. Adressa Eksempelgate 2 og Storfjellet er òg fiktive. Alle namn på land og nasjonalitet er bytta ut.

## OPPGÅVER:

# A1-A2

### 1. Skriv ei melding.

Du har bursdag. Skriv ein invitasjon til venene dine.

### 2. Beskriv biletet. Skriv mellom 50 og 80 ord.

Kva ser du på biletet? Kva gjer personane?



### 3. Skriv minimum 80 ord.

Fortel om kva ein gjer når ein giftar seg i heimlandet ditt.

**TEKST 1**

1) Hei Lise

Eg har bursdag, i søndag 14.klokke fem kan du kome til bursdag men.

velkamen til sleskap men Anna Hansen.  
eksempelgate 2.

2) Det er sommar og blå hemmil.

Han sange og ho dansr.

Barne laikke å han stor og ser på dei.

Eg ser foglane fly og tre, ho går på vae sam md barn sin og ser på dei.

3) I heimlandet met,gjtar seg Cerka 20 år første mor og far snakke same ,eter på set me barne sine.

Vi vil gjftar seg ok , dei går hus til gjanta og set same snakke .

eter på dei lage ein bryllopfest.Dei inviter Crka 1000 ,gjastar på ein hotell og dei lag mikje god mat,

brur på seg kvit kjole op brudgom har på seg svart drss.

**Vurdering av Tekst 1**

**Formidling:** Kandidaten svarer på oppgåve 1 med ei enkel og forståeleg melding, og på oppgåve 2 og 3 svarer han/ho på oppgåvene med enkle setningar. Kandidaten oppfyller dermed krava for A2 på alle formidlingskriteria, sjølv om tekstane er svært korte.

**Språk:** Kandidaten skaper ein viss tematisk og kronologisk samanheng i tekstane, mellom anna ved hjelp av bindeordet «og» og adverbiala «først» og «eter på». På kriteriet tekstopbygging er altså kravet for A2 så vidt oppfylt. Teiknsetjinga er òg tilstrekkeleg for A2, sidan nokre av setningane er markerte med punktum og stor bokstav. Når det gjeld rettskrivinga til kandidaten, er det for mange feil, også i vanlege ord, til at tekstane kan seiast å vere på A2 («men» og «met» (for «min» og «mitt»), «hemmil», «ho går på vae sam md barn sin», «gjanta», «set», «mikje»). Tekstane er i all hovudsak forståelege, men kandidaten svarer svært kort på oppgåvene, og får dermed ikkje vist eit breitt nok ordforråd til at ein kan forsvare å setje A2 på dette kriteriet. Kandidaten bruker nokre grunnleggjande grammatiske strukturar, som verbbøying, substantivbøying og SVO-konstruksjonar, og kan derfor vurderast til A2 her. Den samla vurderinga av tekstane blir likevel A1, ettersom tekstane må vere på A2 i alle kriterium for å bli vurdert til A2 samla.

**Vi vurderer Tekst 1 til å vere på nivå A1.**

---

**TEKST 2**

1) Heil Lise.

Eg har bursdag på søndag kl 16.00. Gi beskjed om du kan komme på Tel: 12345678

Håpe å ser deg der

Hilsen

Anna

2) Det er søndag og mange folk er kom ut i by. Det er fin vær og litt sol.

Eg ser ein familien med forleder ein gutta og ei jente er veldig glad i dag å kom ut med familien.

Eg ser ei dame ho har lyst hår og kvit t-skjorte på seg er gå med ei jente ho har rosa kjole på seg.

Eg ser ein mann har svart jakke og lyst blå bukse er smile no.

Ein gutta med blå t-skjorte på seg har han raud balong såg på ein mann som har på seg brun bukse og svart hatt speler gitar og syng og ein dame med grøn kjole er danse no, ho er smile myskje fordi ho har fin dag.

3) Eg er kjem frå Asia. I heimland mitt når du skal gift du må snakke med forleder dame du skal gift med henne først, viss dei er løv å gift med henne. Når du er avtale med dei, man må gi panga til forleder dame. Eg veit ikkje kor myskje man opp til dame skal har kor myskje. Eg synest viss du skal gift trengje ikkje gi pangar fordi viss du og mann din skal gifte seg trengje bare snill og kjærlighet til kvarandre.

**Vurdering av Tekst 2**

**Formidling:** Kandidaten svarer på alle dei tre oppgåvene med samanhengande tekstar som i all hovudsak er forståelege. Sjølv om svaret på oppgåve 1 er knapt, er det klart innanfor det som blir godtatt som svar på oppgåva.

**Språk:** Kandidaten bruker fleire verkemiddel som skaper relativt god samanheng i teksten, som tekstbindingsord, pronomen og tematisk og kronologisk samanheng. Likevel er delar av tekstane vanskelege å følge, mellom anna pga. svak teiknsetjing. Dei fleste vanlege ord er rett skrivne, men det trekkjer ned at kandidaten skriv nokre høgfrequente ord feil: «janta», «forleder» og «pangar». Kandidaten har eit stort nok vokabular til å svare på oppgåvene på ein måte som i all hovudsak er forståeleg. Kandidaten viser fleire eksempel på komplekse setningar, som er forståelege trass i feil («Eg synest viss du skal gift trengje ikkje gi pangar fordi viss du og mann din skal gifte seg trengje bare snill og kjærlighet til kvarandre.»). Kandidaten gjer fleire grunnleggjande feil i bruken av verb (f.eks. «Eg er kjem frå Asia»), men viser òg mange eksempel på korrekte bøyingar av verb og substantiv. Grammatikken i tekstane møter dermed krava for A2.

**Vi vurderer Tekst 2 til å vere på nivå A2**

---

## OPPGÅVER:

# A2-B1

**1. Beskriv biletet. Skriv mellom 80 og 100 ord.**

Kva ser du på biletet? Kva gjer personane?

**2. Skriv mellom 80 og 200 ord.**

Fortel om kva ein gjer når ein giftar seg i heimlandet ditt.

**3. Skriv ein e-post til kommunen. Skriv minimum 80 ord.**

Kommunen vil leggje ned språkkaféen der du bur. Du er ueinig i dette. Skriv til kommunen og forklar kvifor.

### TEKST 3

1) Dette er ei stor park mitt i sentrum med nydelig utsikt og flott område. Det er mange forskjellige folk som kom i parken, nokre med barnet sitt og nokre er åleine. Ein gitarist mann kom til parken å har lyst til å synge ser han hyggeleg ut og han er veldig flink å synge med gitar. Han har med seg lang jakke og jakka hans er grå, han begynte å synge med engang og alle folk på marka dansar. Eg synes at dei er kjempe flink å danse. Ein godt tokk med seg ein ball å leike åleine og ser han glad ut, balen hans er råd og lang. Ein mann tokk jenta si på skuldrane ser på han gitarist .

2) Når ein famili har beryllaupsfest først dei avtale med frisør salong, blomsterbutikk og hottell. På bryllaupsdagen brudgommen bestiller eit blomsterbukket til bruda og dei laga både forskjellig god mat og masse desser til bryllaupfesten. brudgommen bestiller stor bryllaupskake til den festen. Når ein mann og ei bestemmer og gifte seg kvarandre, dei må har tillatelse fra foreldrene sine. Men nå ungdommane kjæraste samnen tuan å gifte ungdommar å bu samnen. I stor byar nokon som gjer det. Etter middag i alle gjestane gir gave til brudeparet. Familiensbruda å kjøpe inventar til brudepater før dei flyttar inn. veka etter familien frå bruda gir over til dei mannsfamilie pg dagen etter dei har liten fest også.

3) Hei. Eg fekk e-post fra storfjelletkomune i siste! Sprokkaffeinen er ikkje forstette lenge. Eg synest at det er veldig domt.

Vi flykttar til Noreg og vil å lære norsk. Eg synest at flyktningar krav både å lære norsk og kjenne med nordmann.

Og utvikle seg i samfunnet å klare og å snakke med norsk folk. Dette kaffeinen hjulped meg og til å bli bedre på språket mitt.

Eg er veldig glad at dåkke vurderer e-posten min å tenker meir på oss, korleis vi skal intigrerer med norske sammfunnet.

Vil burde ha denne kafeinen i Storfjellet.

Mvh

Anna hansen

### Vurdering av Tekst 3

**Formidling:** Kandidaten skriv ein tekst om biletet i oppgåve 1 med ein del detaljar, både om kva folk gjer og korleis dei ser ut. Kandidaten oppfyller kravet for B1 på dette kriteriet. I oppgåve 2 fortel kandidaten om bryllaupsfeiring i heimlandet. Kandidaten skriv ein samanhengande tekst med ein del detaljar. Språklege feil gjer at teksten ikkje alltid er lett å følgje, men han fyller krava for A2. I oppgåve 3 får kandidaten fram sitt synspunkt på at språkkaféen skal leggjast ned: «Sprokkaffeinen er ikkje forstette lenge. Eg synest at det er veldig domt». Kandidaten får òg fram grunnar for synspunktet sitt: «Vi flykttar til Noreg og vil å lære norsk. Eg synest at flyktningar krav både å lære norsk og kjenne med nordmann». Vi vurderer kandidaten til å vere i nedre sjikt av B1 på dette kriteriet.

**Språk:** Kandidaten skaper samanheng i tekstane på fleire ulike måtar, både med tema, kronologi og bindeord («Etter middag», «men», «veka etter»), men andre språklege feil gjer at tekst 2 og 3 ikkje kan seiast å vere stort sett lette å følgje. Kandidaten markerer i all hovudsak setningane med punktum og stor bokstav. Det er ein del skrivefeil i denne teksten, også i ein del vanlege ord: «dåkke», «godt» (for «gut»), «famili», «balen». Kandidaten gjer ein del ordfeil, men bruken av ord og uttrykk kan likevel seiast å vere forståeleg og rimeleg idiomatisk, og vi vurderer kandidaten til å vere i nedre sjikt av B1 på dette kriteriet.

Kandidaten har god variasjon i setningstypar og har eksempel på utbygde frasar. Kandidaten kan bruke nokre grunnleggjande grammatiske strukturar, men gjer mange feil, også heilt elementære, for eksempel med verbbygging og manglande verb og subjekt: «dei må har tillatelse fra foreldrene sine», «vil å lære norsk», «I stor byar nokon som gjer det». Vi vurderer derfor grammatikken i tekstane til å vere på A2-nivå.

### Vi vurderer Tekst 3 til å vere på nivå A2

---

#### TEKST 4

1) Det er sommar, himmelen er blå, og det er nydeleg vêr, og derfor er mange menneske ute. Dei gjer forskjellige aktiviteter, og dei kosar seg på gata. Ein mann speler på gitar og syng, ei dame dansar og har på seg fin kjole og pynter seg. På ved sidan av mannen står ein gut som held ein stor og raud ballong. Ein far ber jenta si på skuldrer, og ho ser i himmelen. På gata står mange fuglar som et nær menneske, og dei er ikkje red.

2) I heimlandet mitt er det vanleg når ein mann vil gifte seg, leiter familien hans etter ei jente som har eigenskapet som dei ønskar. Først besøker familien hans den familien til jenta, og viss dei liker den jenta, tek dei avtale med dei etterpå. Neste gong skal brudgommen med familien sin komme på besøk og ser kvarandre, og viss han liker ho, ber han den jenta til gifta seg. Etterpå spør faren hennar om eigenskapet til han i jobben sin og området. Så bestemmer dei seg forlovelse når dei liker kvarandre. Etter to månadar eller meir gifta dei seg, og dei bestiller ein stor bryllaupssal, brud har på seg ein kvit og fin kjole, men brudgommen har på seg ei svart dress. Familien til brudgommen serverer forskjellige mat til gjestene. Dei dansar med kvarandre, og alle gjestene blir kjekt.

3) Til Storfjellet kommun  
Eg ser i avise at dokkar vil leggje ned språkkafêen som ligg nær huset mitt, og eg er trist for den. Mange flyktingar bur i Storfjellet, og dei treng ein plass som språkkafêen for å praksere norsk. Det er viktigast å bygge mange plassar som språkkafêen for å trene meir og meir norsk. Eg møter mange normann der, og dei er veldig kjeke fordi mange flytningar kjem å snakke norsk med dei og blir kjent med kvarandre. Eg håper at dokkar avsluttar den forslag snart.  
Helsing Anna Hansen

#### Vurdering av Tekst 4

**Formidling:** Kandidaten møter krava for B1 på alle formidlingskriterium. Kandidaten skriv ein tekst om biletet med ein del detaljar. I oppgåve 2 svarer kandidaten på oppgåva og skriv om korleis ein planlegg bryllaup i heimlandet og kva som skjer på sjølve dagen. Kandidaten skriv ein samanhengande tekst som er lett å følgje.

I oppgåve 3 får kandidaten fram synspunkta sine, for eksempel: «Eg ser i avise at dokkar vil leggje ned språkkafêen som ligg nær huset mitt, og eg er trist for den». Kandidaten får òg fram grunnar for synspunkta sine, for eksempel: «Mange flyktningar bur i Storfjellet, og dei treng ein plass som språkkafêen for å praksere norsk».

**Språk:** Kandidaten skriv samanhengande tekstar som er lette å følgje og skaper god samanheng både med tema, kronologi, bindeord og struktur i oppgåvene. Kandidaten har eit relativt godt grep om norsk rettskriving og markerer setningane med punktum og stor bokstav. Det er nokre feil i enkeltord og uttrykk («tek dei avtale», «trene norsk», «avsluttar den forslag»), men desse skaper ikkje misforståingar, og kandidaten klarer trass i desse feila å vise eit relativt breitt ordforråd og å uttrykkje seg enkelt og forståeleg. Det er òg fleire gode eksempel på idiomatisk språkbruk («Det er sommar, himmelen er blå, og det er nydeleg vår, og derfor er mange menneske ute.», «dei treng ein plass som språkkafêen for å praksere norsk.», «blir kjent med kvarandre.»). På dette kriteriet vurderer vi kandidaten til å vere i nedre sjikt av B1. Kandidaten syner eit relativt godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar, med god variasjon i setningstypar og eksempel på komplekse setningar: «Neste gong skal brudgommen med familien sin komme på besøk og ser kvarandre, og viss han liker ho, ber han den jenta til gifta seg.»

### Vi vurderer Tekst 4 til å vere på nivå B1

---

#### TEKST 5

1) Det er sommeren, og det er fint ver, fordi nokre mennesker utendørs på perken.

Kanskje denne parken som ligg i sntrumet i byen.

Alle mennesker har på seg sommerkle, det er himmelen er blå med sol skenner, derfor alle på parken er veldig gøye.

på parken er eim mannen med spiller gitar kanskje han flinke med musikk, og han har på seg ei svart lue,grø jakke og brun bukse. Ved sida av mannen er det ei dama som dansar og smiler og uten sko, og ho har på seg ei grønne kjole og brunnet håret.

Framfor mannen er det ein gutt, og han har briller kanskje han legger penger på kassen for musikker.

Til venstre er det ein gutt som holde eit raudt ballong.

2) Når ein mannen gjfter seg i heimlandet mitt, må mannen gjere mange ting. Han bestemmer seg med bruda dagen til bryllaupsfesten,deretter han gir bruda pengar for å kjope mange ting som trenger på bryllaupsnatt.

Så familiar til burden inviterer alle slektningar og vennar for å kome til bryllaupsfesten klokka 8 om kvelden på dette dagen.

Brudgommen leier bryllaupshall til feire. På bryllaupsdag alle gjestane kjem til festen og dei har på seg fint kles før klokka 8, etter på bruda med burdgommen kjem til festehall. bruda pyntar seg og har på seg ei kvite kjole, og burdgommen har svart adrss.

Når gjestane er ferdi frå mat og drikke alle dansar og syngje med bruden.

3) Til kommunen:

Hei!

Eg høyrde at kommunen vil leggje ned språkkafeen som ligg nær huset mitt , og er ikkje einig i dette. Språkkafeen er veldig viktig for meg og for mest innvanndrarar her, fordi kvar mandgar må eg gå til språkkafeen.

På språkkafeen sit eg med nordmenn og pensjonstar og ungdommen,også eg lærar norsk der på grunn av prata med nokre.

Eg hadde sosialnettverk og vennskapet der.Av og til gjer eg aktivitetar med andre kollegane for eksepel lagar mat eller leikng.

Eg er veldig trist for å leggje ned språkkafeen der.

Eg håper at kommunen ikkje legge ned språkkafeende.

Tusen takk.

Med vannleg helsing

Anna Hansen

### Vurdering av Tekst 5

**Formidling:** Kandidaten svarer på alle oppgåvene. I oppgåve 1 blir både natur og menneske skildra med ein del detaljar. I oppgåve 2 fortel kandidaten først om kva som må gjerast før ein kan gifte seg i heimlandet og deretter om kva som hender på dagen for bryllaupet. I oppgåve 3 svarer kandidaten på oppgåva og får fint fram synspunktet sitt. Kandidaten gjev òg fleire grunnar for dette: «På språkkafeen sit eg med nordmenn og pensjonstar og ungdommen,også eg lærar norsk der på grunn av prata med nokre. Eg hadde sosialnettverk og vennskapet der.Av og til gjer eg aktivitetar med andre kollegane for eksepel lagar mat eller leikng.» Vi vurderer tekstane til å vere på B1 når det gjeld formidling.

**Språk:** Kandidaten skriv samanhengande tekstar som stort sett er lette å følgje og nyttar ein del ulike verkemiddel for å skape samanheng, både tema, kronologi og bindeord. Oppgåve 3 er godt strukturert, med ein presentasjon av saka først, synspunkt og grunngeving etterpå og oppmoding om å ikkje leggje ned språkkafeen til slutt. Kandidaten kan skrive mange vanlege ord rett, men det er litt for mange feil til at ein kan seie at kandidaten har eit relativt godt grep om norsk rettskriving. På dette kriteriet blir tekstane vurderte til ein sterk A2. Teiknsetjinga er god. Kandidaten viser eit relativt breitt ordforråd, men feil og manglar i ordforrådet gjer at vi ikkje vurderer språket i tekstane til å nå B1-kravet om å vere forståeleg og rimeleg idiomatisk. Det er eksempel på vellykka komplekse setningar i tekstane, men kandidaten kan ikkje seiast å ha relativt godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar. Kandidaten når derfor ikkje heilt opp til B1 på dette kriteriet.

**Vi vurderer Tekst 5 til å vere på nivå A2.**

---



**TEKST 6**

1) På den bild ser eg mange folk, det er foreldr leker og kose barna sitt.

Det er sommer og veldig fin vær, himmel er blå og kan ser et fly og en fugel, sol er litt bak skien.

Ser en man spille guitare, og en dame høyre på han, ho har med seg veldig fin grunn kjole, og ho høyre musikk og danse.

Det bilde ser eg også et barn holde en raud ballong, en far har på seg ei jente på skrudde sin, ei mor med døtre sin, og jente holde en banse.

2) Bryllup i Sør-Amerika er ikkje så forskjellig fra I Noge. Vielsen er i en katolsk kirka og har circa 200 gjeter med.

Serimonien kan bli vare circa en time halv.

Bruden har på seg kvite skjole og brudeg menn har på seg dress.

Etter serimonien alle skal på feste. Vi bestille masse mat og masse kaker, vi spiser så mykje, og ettr litt pause, høyre vi på musikk og danse. og dinker.

Feste kan bli vare opptil 24 timer, men bruden og man sin kan dra på bryllupreiser for feste ferdig, det er tradsjon i landet mitt.

3) Kjære seleskp Kommuner.

Eg har høyret dei skal stenget på språkkafèen.

Sorry med det er litt dum, synst eg, på grunn av, den tid, folk kan å snakke med andre og vi kose oss så mykje.

Denn er veldig kjedelig når vi er på puase og kan ikkje kjenner mer kolege fra i jobb.

Når vi bruker språkkafèen tid, vi kan fortele kva vi gjør og kva vi skal gjør, og vi kan bli være venner, og plus vi kan også å lære mer norsk, og kan veit mer kulture fra Norge viss vi er utland for eksempel.

Eg håper for dokke tenker mer på denn.

Mvh

Godt vennø.

**Vurdering Tekst 6**

**Formidling:** Kandidaten skildrar biletet i oppgåve 1 med ein del detaljar.

I oppgåve 2 fortel kandidaten om bryllaupsfeiring i heimlandet med enkle setningar. I oppgåve 3 får kandidaten fram nokre synspunkt på ein heilt enkel måte, sjølv om grunngevinga nokre stader er uklar. Kandidaten fyller greitt krava til A2 på denne oppgåva.

**Språk:** Kandidaten skaper struktur og samanheng i tekstane ved hjelp av tema og kronologi. Kandidaten nyttar òg nokre bindeord («og», «etter», «på grunn av») for å skape samanheng. Teiknsetjinga er god, men skrivefeil pregar teksten i så stor grad at ein ikkje kan seie at kandidaten har relativt godt grep om norsk rettskriving. Kandidaten kan bruke mange vanlege ord og frasar og det er i all hovudsak mogleg å forstå kva kandidaten meiner. Kandidaten kan bruke nokre grunnleggjande grammatiske strukturar, men gjer mange feil både i bøying og syntaks. Enkelte stader gjer desse feila, saman med rettskrivingsfeil, tekstane tunge å lese. Vi vurderer tekstane til å vere på nivå A2 i alle dei språklege kriteria.

**Vi vurderer Tekst 6 til å vere på nivå A2**

---

## OPPGÅVER:

# B1-B2

---

**1. Skriv ein e-post til kommunen. Skriv minimum 80 ord.**

Kommunen vil leggje ned språkkaféen der du bur. Du er ueinig i dette. Skriv til kommunen og forklar kvifor.

**2. Du skal svare på ANTEN oppgåve 2A ELLER oppgåve 2B. Presenter saka kort. Ta stilling til spørsmålet, og argumenter for ditt syn. Skriv mellom 250 og 350 ord.**

Anten

**2A: Bør vi fjerne religiøse fridagar?**

Noreg har mange offentlege fridagar knytt til kristne høgtider, for eksempel jul, påske og pinse. Samstundes er det stadig færre som er kristne i Noreg. Det har blitt foreslått å fjerne dei offentlege religiøse fridagane og heller gje kvar tilsett ei viss mengd fridagar som dei kan bruke når dei vil.

eller

**2B: Bør vi gjere norsk natur tryggare?**

Turistnæringa i Noreg fokuserer på vill, vakker og urørt natur. Dei siste åra har ein del turistar vore utsette for ulukker på sjøen, ved fossar og på fjelltoppar i Noreg. Somme meiner at ein i større grad bør setje opp gjerde og skilt som åtvarar om farar, andre meiner at dette vil øydeleggje naturen, og at turistar må ta ansvar for seg sjølve.

**TEKST 7****1) Oppgåve 1:**

Hei,

Då me fekk vite at de hadde bestemt dykk for å leggje ned språkkaféen vår, var dei fleiste bebuarar ikkje nøgde. Språkkaféen har alltid vore ein viktig del av kvardagen her på Studentboligar. Det finst fleire her som har innvandrarbakgrunn, og det å ta frå dei moglegheit å møtast med dei innfødte for å øva på norsken sin er ikkje berre trist, men dårleg for integreringa. Me vil, som felleskap, føreslå ei anna løysning – om me får tillat å fortsetje med språkkaféen vår, vil me gjerne ta fullstendig ansvar for den, samstundes som me vil føreslå at alle deltakarar betalar eit lite beløp på kvart besøk, slik at me kan føre kaféen sjølvstendig.

Kan de bli einige om føreslaget vårt?

Helsing,

X

**2) Oppgåve 2B:**

Høge fjell, djupe fjordar og mektige fossar – norsk natur fristar stadig fleire folk inn. Ein hugsar ofte ikkje at dei beste turbileta kjem til å koste ein trygghet og, i nokre tilfeller, liv. I medium er det fleire ulukkesaker kvart år, med (særskilt utanlandske) turistar som anten sit fast høgt på fjellet og må reddast med helikopter eller kjem altfor langt til kanten av Trolltunga, faller ned og døyr. Vanlegvis går det ut på mangel av røynsle og utstyr, men stadig fleire tek risiko for å ta eit bilete som dei kan etterpå leggje ut på Facebook. Nokre vil seia at dei må sjølve få skylda, men eg trur ikkje dette er så enkelt.

Fagre naturstader er ofte utrygge. Eg har merka det sjølv, kvar gong eg var på fjelltur i Noreg – jo vanskelegare turen er, jo finare utsyn som ventar ein på toppen. Det er ikkje berre snakk om terreng som ikkje er tilpassa føttene til eit menneske, men også ekstremt vær med ofselege regn- og snøbyggar som kan møtast ein på tur. Men me må hugsa at natur er noko større enn oss. Når vi døyr, er naturen framleis til – uendra og klar til å gje glede til mange generasjonar etter oss. I en verden kor natur blir stadig øyddelagt for å skapa inntekter, må me stansa og tenkje litt på om det å skapa pengar frå turistnæringa er viktigare enn den naturarven som våre barn og barnebarn vil få av oss.

Men om me ikkje skal røre naturen, korleis kan problemet løysast? Eg trur sterkt på at det å spre kunnskap om ansvarleg friluftsliv er nok det beste. Brosjyrar, filmer og nettkampanjer kan hjelpe dei som er interesserte i å reise til Noreg på ferie å velje dei beste kleda og utstyr avhengig av reisemålet og aktivitet. Kva med obligatorisk fjellkurs som alle kan ta på dei norske lufthamna? Eg ville gjerne teke eit, om det vart aktuelt.

## Vurdering av Tekst 7

**Formidling:** I oppgåve 1 presenterer kandidaten saka og bebuarane sitt synspunkt på ein tydeleg og klar måte og grunnjev dette. I oppgåve 2 presenterer kandidaten problemstillinga på ein god og klar måte og skriv deretter ein sakleg, resonnerande tekst, der synspunkt og argumenta for desse kjem tydeleg fram.

**Språk:** Begge tekstane er strukturerte ved hjelp av bindeledd og andre tekstbindande element. Tekstane er tydelege og samanhengande nok til at dei er lette å følgje. Kandidaten har nokre rettskrivingsfeil, og dei fleste feila er knytte til enkel/dobbel konsonant eller diftong/enkelvokal: «snøbyggar», «øyddelagt», «føttene», «spre», «fristar», «fleiste». Her kan det vere noko påverknad frå bokmål, men kandidaten syner likevel gjennomgåande godt grep om nynorsk rettskriving. Kandidaten viser generelt eit breitt ordforråd og uttrykkjer seg med stor grad av leksikalsk presisjon. I dei få tilfella det er upresist eller feil ordval, fører det ikkje til misforståingar. Det er nokre feil i verb- og substantivendingar (tilfeller, faller, filmer, kampanjer, verden) som syner påverknad frå bokmål, men desse fører ikkje til misforståingar, og kandidaten syner elles godt grep om grunnleggjande grammatiske strukturar. Det er god variasjon i setningstypar, og sjølv om ein finn mindre feil enkelte stader, har kandidaten gode og vellukka eksempel på komplekse setningstrukturar: «Det er ikkje berre snakk om terreng som ikkje er tilpassa føttene til eit menneske, men også ekstremt vær med ofselege regn- og snøbyggar som kan møtast ein på tur.», «Brosjyrar, filmer og nettkampanjer kan hjelpe dei som er interesserte i å reise til Noreg på ferie å velje dei beste kleda og utstyr avhengig av reisemålet og aktivitet.».

**Vi vurderer Tekst 7 til å vere på nivå B2**

---